

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Næringsavdelinga
Sak nr.: 14/1329-6

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane

Framlegg til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for plan og næring til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Verdiskapingsplanen vert lagt ut på høyring med minimum 6 vekers høyringsfrist.

Vedlegg:

Verdiskapingsplan - høyringsutkast
Adresseliste – høyringsinnstansar
Innspel frå intern arbeidsgruppe på plantema Nyskaping
Innspel frå arbeidsgruppe på plantema Sjømatnæringar
Innspel frå arbeidsgruppe på plantema Fornybar energi
Innspel frå arbeidsgruppe på plantema Kunnskap

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Planprogram vedteke av fylkesutvalet 15. mai 2013

SAKSFRAMSTILLING

1 Bakgrunn for saka

Saka handlar om at framlegg til verdiskapingsplan skal sendast ut på høyring. Verdiskapingsplanen er utarbeidd med bakgrunn i vedteken planstrategi (FT-sak 48/12 og 53/12) og planprogram vedteke av fylkesutvalet i sak 34/13. Verdiskapingsplanen har formell status som regional plan etter plan- og bygningslova.

Den formelle statusen som regional plan inneber mellom anna:

- I planlova står det; «regional plan skal legges til grunn for regionale organers virksomhet og for kommunal og statlig planlegging og virksomhet i regionen».
- Planlova føreset at dei som skal forpliktast av planen, har vore deltakarar i arbeidet
- Ein regional plan skal følgjast opp med årleg handlingsplan som skal vedtakast av planstyresmakta.

Minimum høyringsperiode er 6 veker.

2 Deltaking i planprosessen

2.1 Politisk arbeid med planen:

Planutvalet har drøfta arbeidet med bakgrunn i 3 arbeidsdokument:

- 28. november 2012
- 26. juni 2013
- 27. november 2013

Hovudutval for plan og næring har hatt status som politisk referansegruppe og har gitt planutvalet og fylkesutvalet sine råd i arbeidet med planprogram og arbeidsdokument. I tillegg har referansegruppa drøfta utvalde problemstillingar på sine møte:

- 24. september 2013
- 23. oktober 2013
- 26. november 2013
- 4. februar 2014

2.2 Fagleg deltaking i arbeidet

Det administrative arbeidet har vore leia av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesrådmannen v/Næringsavdelinga. Partnerskapen på leiarnivå har delteke gjennom samarbeidet «næringsforum». Deltakarar i næringsforum er:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune, næringsavdelinga og plan- og samfunnsavdelinga
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, landbruksavdelinga
- NHO Sogn og Fjordane
- LO Sogn og Fjordane
- KS Sogn og Fjordane
- Høgskulen i Sogn og Fjordane (frå hausten 2013)
- NAV Sogn og Fjordane
- Innovasjon Norge Sogn og Fjordane

Næringsforum har hatt høg møtefrekvens og har såleis medverka aktivt både ved utforming av planprogram og seinare ved utforming av høyringsutkastet til verdiskapingsplan.

Det har vore arrangert 2 større samlingar i prosessen:

- 11. januar 2013. Møte med brukargrupper for å drøfte kva som er viktige plantema.
- 11. september 2013. Møte med deltakarar i planarbeidet for å starte arbeidet.

Næringsforum har teke ansvaret for desse plantema direkte:

- Olje/gass (innarbeiding av rapporten «*Sogn og Fjordane mot 2030 – utviklingsanalyse for petroleumsvirksomhet*» i verdiskapingsplanen).
- Reiseliv (tilpassing og justering av vedteken reiselivsplan til verdiskapingsplanen).
- Landbruk (Landbruk som plantema vert utsett. Inntil vidare bygger vi på «*Regionalt bygdutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016*» vedteke av hovudutval for plan og næring i sak 11/13).
- Nyskaping.

Fylkeskommunen sette ned tre breitt samansette arbeidsgrupper for å gi innspel i arbeidet:

- Arbeidsgruppe Sjømatnæringar leia av Solveig Willis, Salmon Group AS.
- Arbeidsgruppe Fornybar energi leia av Terje Gjengedal, Sogn og Fjordane Energi.
- Arbeidsgruppe Kunnskap leia av Atle Hamar, Lotteritilsynet.

Arbeidsgruppene sine rapportar ligg ved høyringsutkastet som innspel.

3 Samsvarar verdiskapingsplanen med planprogrammet?

Oppdraget er gitt i planprogrammet vedteke 15. mai 2013. Dei sju plantema har vorte utvikla til følgjande:

- Tilrettelegging for nyskaping – ein plattform for offentleg samarbeid
- 5 satsingsområde:
 - Kunnskap
 - Fornybar energi
 - Sjømatnæringane
 - Reiseliv
 - Olje/gass
- Landbruk – eit tema som skal utviklast som satsing. Sidan gjeldande bygdeutviklingsprogram var vedteke i 2013, var konklusjonen at det ikkje var tenleg å setje i gang ny landbruksplanlegging som del av verdiskapingsplanen så kort tid etter førre planprosess.

I planprogrammet vart det også tinga to studiar av verdiskapingspotensialet innan:

- Mineralressursane i fylket.
- Kulturnæringane.

Av kapasitetsgrunnar har utgreiingsarbeidet ikkje komme i gang. Ei nærare vurdering av desse næringane kan løysast som ei oppfølgingsoppgåve til verdiskapingsplanen.

Planen skulle bli eit «dynamisk dokument» med gode målformuleringar og ansvarsklargjering for vidare arbeid. Utvikling av konkret aktivitet vart føresett utvikla gjennom operative/tydelege program og prosjekt og avklara gjennom årleg handlingsplan. Strategiprosessen vart difor avgrensa til å føreslå:

- **Felles utviklingsprogram** der fleire organisasjonar må arbeide formelt saman for å oppnå resultat.
- **Avtalar** med partnarar om å ta iverksettingsansvar. Dersom eit større arbeidsfelt kan gjennomførast i ein organisasjon, vert arbeidet avtalt og plassert hos vedkomande.
- **Felles retningslinjer.** Ofte kjem det gode initiativ utanom det avtalte utviklingsarbeidet. Felles retningslinjer handlar om korleis partnarskapen både oppmuntrar til og reagere på viktige initiativ.

Det vart føresett at viktige politiske problemstillingar vart synleggjort i planen.

Det var føresett ein plan som inneheld klare mål og forpliktande partnarskapsavtale.

Kort oppsummert:

- Det har vore arbeidd godt med målformuleringar. Indikatorane som høyrer til måla kan presiserast etterkvart som arbeidet vert utvikla.
- Tida har ikkje strekt til for å formulere forpliktande partnarskapsavtalar. Avtalane skal avklare ressursinnsatsen frå partnarane og vi må akseptere at det trengs ei viss tid til dette. Justerte arbeidsmål kan vere at partnarskapsavtalar er på plass saman med første felles årsplan.
- Plantema har blitt til formulerte satsingar bygd på føresetnaden om såkalla dynamisk planlegging. Landbruk er føresett utvikla som oppfølging av planen.
- To utgreiingstema står att (mineralnæringar/kulturnæringar). Desse kan få status som oppfølgingsoppgåver.

4 Om høyringsfasen.

Det er lagt opp til 6 vekers høyring med høyringsfrist fredag 11. april. Dette føreset at planen vert lagt ut for offentleg høyring seinast fredag 28. februar.

Fylkesrådmann vil leggje høyringsdokumentet ut på nettet; dvs. utan å sende ut noko papirutgåve. Samtidig vil fylkesrådmannen sende ut konkrete spørsmål som vi ønskjer at høyringsinstansane svarar på. Desse vil bli utforma slik at mottakar får høve til både å svare på førehandsdefinerte tema og sjølvstgt gi kommentarar på fritt grunnlag.

I dei førehandsdefinerte spørsmåla vil vi m.a. utfordre høyringsinstansane til å prioritere og til å skildre om, og i tilfelle korleis dei ønskjer ta del i iverksettingsarbeidet.

Adresselista for høyringa vert som for høyringa av planprogrammet, men opplista deltakarar på innspelsmøtet på Skei 11. januar 2013 vert no endra til lista over deltakarar i dei tre arbeidsgruppene nemnde i avsnitt 2.

For å stimulere til debatt er ulike deltakarar i planprosessen utfordra til å skrive aviskronikkar.

Det er lagt opp til tre høyringsmøte:

- 1. mars med ungdomspolitisk utval
- 14. mars med kommunane
- 9. april med næringslivet

5 Kort om vidare arbeid

Vidare arbeid:

- Gjennomføre høyringa som omtalt ovanfor
- Politisk handsaming etter høyringsfasen:
 - Hovudutval for plan og næring: 27. mai
 - Fylkesutvalet: 4. juni
 - Fylkestinget: 11.-12. juni
- Politisk handsaming av første årsplan
 - Hovudutval for plan og næring: 25. juni (råd til planutvalet)
 - Planutvalet: 20. august – Arbeidsdokument 4 (om arbeidet med første årsplan)
 - Vedtak første årsplan: 8-10 desember, samordna med budsjett/økonomiplan, ev. integrert. Dette vil bli vurdert.

6 Vurderingar og konsekvensar

Planprosessen har følgd krava i plan- og bygningslova. Medverknad i planarbeidet er konsentrert om fylkespartnarskapen.

Kommunane er representerte i næringsforum ved ein person oppnemnt av KS. Høyringsmøtet med kommunane 14. mars vert viktig for å trekke kommunane med i arbeidet.

I arbeidsgruppa for sjømatnæringar har ein representant for marin forskning i Bergen delteke. Det nære forskingsmiljøet i Bergen er viktig for oss. Med utgangspunkt i verdiskapingsplanen kan fylkespartnarskapen bygge ut relasjonane til forskings- og undervisningsmiljø også utanfor fylket.

Viktige suksessfaktorar for oppfølging av planen er:

- At det vert etablert langsiktige satsingar.
- At viktig arbeid vert del av satsingane (og ikkje etablert som parallelt utviklingsarbeid).
- At det å nå mål vert sentralt. Målformuleringar med indikatorar må vidareutviklast. Ansvar for å nå måla må definerast klart.
- At partnerskapen brukar planen som verktøy for forpliktande samarbeid. Fylkesrådmannen rår til at forpliktande partnerskapsavtalar vert sett som vilkår for å vedta først årsplan. Partnerskapsavtalen må syne:
 - Omfang av økonomisk medverknad.
 - Omfang av medverknad med personell.
 - Tydeleg ansvars plassering.
 - Oppgåver knytt til kunnskapsutvikling, tilrettelegging av informasjon og/eller retningslinjer for forvaltning av regelverk.

Nærare om overordna administrativt ansvar (partnerskapen på leiarnivå):

- Rådet er at petroleumsrådet tek eit heilskapleg ansvar for å følgje opp satsinga olje/gass. Fylkesrådmannen vurderer dette som ei oppgåve i tråd med mandat gitt av fylkestinget (FT-sak 12/05). I arbeidet har det vore vurdert om satsinga burde føre til endringar i samansettinga av Petroleumsrådet. Det har ikkje komme konkrete framlegg om dette.
- Næringsforum forpliktar seg til å følgje opp øvrige satsingar og til å koordinere arbeidet med årleg felles handlingsplan.

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Verdiskapingsplanen har budsjettkonsekvensar som vert avklara i samband med første årsplan / budsjett for 2015; i desember 2014.

Rettslege konsekvensar / Personalpolitiske konsekvensar

Ein regional plan forpliktar partnerane til å følgje opp prioriterte aktivitetar med personell og økonomi. Ein partnerskapsavtale skal avklare desse sidene ved planen.

Plankonsekvensar

Ein regional plan er ein overordna plan som legg premissar for anna strategiarbeid.

Klima- og miljøkonsekvensar

Klima og miljøspørsmål vil bli påverka av planen. Overordna føring er prinsippa for berekraftig utvikling / samfunnsansvar.

7 Tiltråding

Fylkesrådmannen tilrår at verdiskapingsplanen vert lagt ut på høyring. Fylkesrådmannen utformar høyringsbrev med problemstillingar fylkeskommunen ønskjer å få kommentarar på slik dette er omtalt i avsnitt 4.